



Pjoning er ein gamal hekleteknikk og her blir han praktisert pånytt. Dei tre er Selma Eik frå Uskedalen, Sigrunn Ramski frå Løfallstrand og Lindda Tvedt frå Herøysund. (Foto: Jane Haaranes)

**Rundt eit dusin handarbeidsglade damer hadde funne vegen til Gamleskulen i kveld. Hard konkurranse frå både andre arrangement og ikkje minst det fine veret, må nok ta noko av skulda for det dårlege oppmøte.**



Frammøtet til strikkekafeen kunne vore betre. (Foto: Jane Haaranes)

Men sidan det var så pass få, hadde Anne Marie Hamre frå Valen meir enn nok tid å via kvar enkelt når ho skulle læra damene den gamle hekleteknikken pjonning. Med heklenål og mjukt ullgarn gjekk ein til verks, og for enkelte sat teknikken i hendene på ein augneblink.

Damene på Tiaren stilte med nydeleg heimebakst, og praten gjekk lett rundt borda der både vottar og huer byrja ta form.

Både folk frå Herøysund og Løfallstrand hadde tatt turen til Uskedalen, så pjonearva burde såleis vera sikra i store delar av kommunen. Ei stor takk må rettast til Berit Helene, Berit Harriet og Selma som sytte for at me korkje var svoltne eller tørste, og ikkje minst Anne Marie Hamre som brukte tida si på å læra oss pjonning.

Neste strikkekafe vert etter sommarferien, når nettene vert lengre og kulda set inn!

Av Jane Haaranes